



Notat

Dato: 10.09.2019

Arkivsak: 2018/16480-128

Saksbehandlar: marsolh

Til: Budsjettseksjonen - Øk - og org avd

Frå: Fylkeseldrerådet

Innspel til budsjettet 2020 for Vestland fylkeseldreråd

Fylkeseldrerådet handsama i møte 05.09.19, i PS 64/2019, innspel til budsjett for Vestland fylkeseldreråd.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at fylkeseldrerådet i Vestland for 2020 må ha eit budsjett på kr. 700.000 (sjuhundretusen).

Grunngjeving

Budsjettet 2019 for dei to tidlegare fylkeseldreråda

Budsjettet for Hordaland fylkeseldreråd var i 2019 kr. 500.000, og for Sogn og Fjordane kr. 165.000.

Budsjettet for Sogn og Fjordane har vore knapt, slik at det ikkje alltid har vore mogleg å halda seg innanfor budsjettet. Budsjettet for Vestland fylkeseldreråd bør difor, etter Hordaland fylkeseldreråd si meining, aukast meir enn samla budsjettsum i 2019 for begge råda.

Møtefrekvens og møtestad

Hordaland fylkeseldreråd meiner at talet på møte bør vera 6 møte i året, 3 om våren og 3 om hausten, og med høve til ekstra møte ved behov.

Fordi året 2020 vil bli det første året i ny periode, og med fleire nye medlemmar frå to samanslårte fylke, bør møta ikkje vera videomøte, men fysiske møte der medlemmane også kan treffast uformelt i ein lunsjpause, og såleis kan bli godt kjende med kvarandre.

Reiseutgifter

Det vil vera naturleg at dei fysiske møta går føre seg dels i tidlegare Hordaland og dels i tidlegare Sogn og Fjordane. Dette vil føra med seg auka reiseutgifter på grunn av at avstandane blir større enn før.

Aktivitet

Fylkeseldrerådet for Vestland bør følgja opp den aktiviteten som både Hordaland fylkeseldreråd og fylkeseldrerådet for Sogn og Fjordane har hatt:

- *Deltaking på konferansar for fylkeseldreråd*

- Årleg 3-dagars konferanse for alle fylkeseldreråd i Noreg. Konferansen 2020 vil bli arrangert av Agder fylkeseldreråd.
- Årleg 2-dagars konferanse for vestlandsfylka. Konferansen i 2020 vil bli arrangert av Rogaland fylkeseldreråd.

- *Arrangera årleg konferanse for dei kommunale eldreråda i Vestland fylke.* Hordaland fylkeseldreråd har årleg arrangert ein slik konferanse der innhaldet har vore informasjon om kva som går føre seg på eldrefeltet og foredrag med aktuelle tema. Denne årlege konferansen er populær og etterspurd. Sogn og Fjordane har arrangert liknande konferansar.

Arbeidsutval (AU)

Hordaland fylkeseldreråd har hatt eit arbeidsutval med leiar og nestleiar som saman med sekretæren har førebudd møta i rådet. Medlemmane i AU har fått dekt tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter. Det vil vera naturleg at Vestland fylkeseldreråd også har eit AU.

Fylkeseldrerådet i Hordaland vonar at budsjettet for Vestland fylkeseldreråd blir kr. 700.000, slik rådet føreslår.

Med venleg helsing

Gunda Falao Sparre
leiar, fylkeseldrerådet i Hordaland

KOPI: Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane